

Kyrkjeklokka

Nr 2 - 2020

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

84. årgang

*1 Eg lyfter auga mine til fjella.
Kvar kjem mi hjelp ifrå?*

*2 Mi hjelp kjem frå Herren,
som har skapt himmel og jord.*

Salme 121

Ny gravplass ved
Nordsida kyrkje

Urnelund i
Oppstryn

Turistinformasjon
i Lo-kyrkja

Dugnadstid på
gravplassane

Ombygging av
alteret i
Nedstryn kyrkje

Samtale med
Birger Skåre

Kyrkja i
koronatida

JAZZ i Nedstryn
kyrkje

Kyrkja har dåps-
kjole å låne ut

Barnesider

Kyrkjenibba
Foto: Jarle Hessevick





Ny gravplass ved Nordsida kyrkje

Den nye gravplassen ved Nordsida kyrkje er no ferdig opparbeid med gravfelt til 246 graver og urnelund med plass til 30 urner. Prosjektleiar har vore Solrun Gjelsvik, Vinsrygg maskin har vore hovudentreprenør og stått for det meste av arbeidet. Dei har hatt med seg Anleggsgartnar Sandal som blant anna har mura den tosidige muren mot vegen.

Samtidig med bygging av gravplassen, har Vinsrygg maskin bygd ei kjellarbod med betongplate på ved enden av kyrkja, for framtidig HC-toalett til kyrkja.

Det nye gravfeltet på Nordsida gravplass vart vigsla til kyrkjeleg bruk 1. påskedag. I sokneprest Hege Høi-

bye sitt sjukefråvære var det Henny Koppen som, på vegne av prosten, stod for den enkle, men høgtidelege handlinga. Nokre få frammøtte stod med god avstand som følge av coronareglane i regnvêret og fekk vere vitne til at soknet no har fått ein utvida gravplass, som og framstår som eit nydeleg parkanlegg.

Kyrkjelyden vil seinare ha ei markering som blir opa for alle, men det må vente til vi igjen kan samlast, og blir i samband med ei gudsteneste. Då skal Stryn kommune v/prosjektleiar Solrunn Gjelsvik og entreprenør Vinsrygg Maskin få si rettmessige takk for eit framifrå utført oppdrag.

Kyrjeklokka

www.stryn.kyrkja.no - arkfane: kyrjeklokka

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal sokn og sokna i Stryn kommune

Redaktør for dette nummeret er: Jarle Hessevik

Forretningsfører abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik Rindane 6, 6788 Olden.

Tlf 990 28 076

john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054

Bankgiro 3795 30 05108

Kontingenten er frivillig.

Vi takkar for betaling og støtte.



Lite triveleg ver på innviingsdagen!

Ein gravstad er for mange viktig for minner, ro og ettertanke. Og med denne utvidinga så har kyrkjegarden på nordsida fått ei god utviding der det er lagt godt til rette for dette.

Det har vore svært spennande å følgje utviklinga i anleggsarbeidet, og det har kome mange lovord, både om det praktiske arbeidet og kvaliteten på det utførde arbeidet.

Den tosidige muren mot vegen som anleggsgartnar Sandal har mura har fått mange lovord for eit eineståande vakkert og gjennomarbeida murverk med høg

kvalitet i utforming og utføring. Denne muren skal og vere med på å leie vatn bort ved ein mulig utilsikta vassflaum frå bakkane og bekken ovanfor. Og inne på gravplassen er muren verkeleg noko å kvile auga på.

Og saman med nye vannpostar, ny beplantning og nye, vedlikehaldsfrie benkar, er området blitt vakkert og verdig. Det er sett ut 4 nye benkar på det nye feltet, og i tillegg har soknerådet kjøpt inn 2 benkar av same modell til bruk inne på kyrkjetunet og det eldre feltet.

Tekst og foto: Rune Berglid

Drop-In 12. september. Vigsel, dåp, eller begge deler.

Kvart år sidan vi opna for drop-in-vigsel, har det dukka opp fleire par som har ønska å gifte seg. Og gifte har dei blitt. Det einaste kravet er at dei har med seg godkjende vigselspapir frå skatteetaten.

Den 12. september inviterer vi på nytt til Drop-in-vigsel i Nedstryn kyrkje. Så går nokon med tankar om å gifte seg utan for mykje ståk og styr, kan ein kome til kyrkja denne dagen. Der blir ope mellom kl. 1200 og 1500. Ein kan komme med partnaren sin og gifte seg i under ein seremoni som tek om lag 20 minutt. Presten, andre frå kyrkjestaben og frivillige frå kyrkjelyden vil vere til stades. Desse kan stille som vitne dersom forlovarar ikkje har høve til å vere med. Etter ein enkel samtale går vigsla føre seg inne i kyrkjerommet. Kaffi og kake blir servert til dei frammøtte etter seremonien.

Husk at alle papira må ordnast på førehand og eit godkjent vigselldokument som du får frå det offentlege må takast med. Seremonien denne dagen er gratis. Det

er berre å møte opp, men ta gjerne kontakt med prestekontoret om de har spørsmål.

Her finn de alle nødvendige skjema: <https://kirken.no/nb-NO/bryllup/viktige-skjema/>

Vi på kyrkjekontoret har erfart at der også er ei interesse også for dåp. Både vaksne, ungdommar og born som av ein eller annan grunn ikkje vart døypte som babyar, tek kontakt for å be om dåp. Så no tilbyr vi dåp same dag. Vi har både dåpskjole til baby og kvite kapper til alle andre, som er til utlån for den som ynskjer det. Og når det gjeld fest, gjeld det same som for brudepara: Kake, og høveleg drikke, til alle.

Det er heilt fint om vi får eit ymt om kven som kjem, på førehand, men det er ikkje eit krav. Velkomne til høgtidelege, fine seremoniar i kyrkja.

Henny Koppen

Den gamle krossen

Då Nedstryn kyrkje vart bygd i 1859, var altertavla sitt hovudmotiv ein forgylt kross. Denne tavla vart brukt heilt fram til 1919, då Tranås si altertavle vart sett opp. Denne tavla vart hengande til 1931, då tavla frå gamlekyrkja, datert 1610, vart henta ned frå loftet og sett opp på prøve. Tranås si tavle heng no på veggen til venstre for alteret.



Bilete av altertavla med krossen (frå 17.mai 1919). Utsnitt av eit foto frå jubileumboka (frå Lars Lunde sitt arkiv).

Denne våren har også den gamle krossen blitt henta ned frå loftet, blitt vaska og pussa og soknerådet ønskjer at han skal få plass inne i kyrkja.

Hittil har dei venta på godkjenning frå Riksantikvaren, men håpar sjølv sagt at det vert gitt løyve til å henge opp krossen slik det er vist på biletet.



Planen er at den forgylte krossen frå 1859 skal henge på veggjen til venstre for kordøra. Biletet viser kvar soknerådet ønskjer at krossen skal stå. (Foto: Margrete Venøy Flo)

Vikarprest i Hornindal, Matias Austrheim

Eg heiter Matias Austrheim og får lov å vere vikarprest i Hornindal og dei andre kyrkjene i Volda kommune dette året. Eg er nordfjording, fødd og oppvaksen på Austrheim i Gloppen. Eg var prest i Davik og Bremanger i 12 år før eg og familien flytte til Ørsta i 1986 der eg var sokneprest til 2013. No er eg pensjonist og synest det er kjekt å få gjere presteteneste der det er bruk for meg. Dette halvåret har eg hatt mange tenester i Hornindal. Veldig inspirerende å oppleve det rike kulturlivet i Hornindal. Folkemusikken og songtradisjon må få vere med og berike kyrkjelivet både i sorg og glede. Gleder meg til fortsatt teneste i Hornindal og Volda.



Foto: Privat



DEN NORSKE KYRKJA

Stryn kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeverja

Gravplassane

Gravplassen skal vere ein plass der alle kan kome for å minnast sine kjære, og ein stad der alle har plass til sine tankar om livet og døden. Vi ynskjer at gravplassane våre skal gje ei god ramme for besøkande som kjem dit, og det vert lagt mykje arbeid i å halde gravplassane velstelte.

Sokneråda og lokale lag og organisasjonar tek tak med årleg dugnad, og folk er generelt flinke til å stelle gravene dei har ansvar for. Det er og grunn til å takke for minnegåver og andre gåver som vert gjevne for at kyrkjene og kyrkjegardane skal framstå best mogleg, og som gjer det mogleg å skaffe t.d. ekstra benkar og belysning.

Det krev dyktige arbeidarar og god logistikk for å regelmessig nå over alle ni gravplassane med ein høveleg frekvens for plenslått og anna stell gjennom heile sommarsesongen, det er ei høgt prioritert oppgåve. Vi har to traktorklipparar som går kontinuerleg heile sommaren, og arbeidarane strekker seg langt for å rekke over alt. Ved kantklipping rundt kvar einskild grav, blir det lagt vekt på at minst mogleg gras skal kome inn på gravfeltet.

I løpet av sommarsesongen får kyrkjeverja ein god del tilbakemelding på stellet av kyrkjegardane. Det er gledeleg at dei aller fleste tilbakemeldingane er positive meldingar frå takksame pårørande. Nokre gonger har det vore tilbakemeldingar om tilhøve som ikkje har vore tilfredsstillande, og som det har vore nødvendig å forbetre. Eg håper de held fram med dette – ta ein telefon eller send melding/e-post om det er noko du ser vi bør gjere betre. Og vi set sjølvstøtt pris på å høyre det som er bra. Det må de gjerne seie direkte til dei som jobbar der ute, det fortener dei!

Så minner vi om at det ikkje må leggest små steinar eller pyntegjenstandar på kanten av gravfelta, og at all gravpynt er godt festa slik at lause gjenstandar ikkje hamnar som prosjektil under plenklippingen.

Vi håpar på ein fin sommar med frodige gravplassar som kan vere tilgjengelege uterom til trøyst, ettertanke og takksemd.

Kyrkjekontoret

Vi har fått melding om at dei nye kontorlokala i 2. etg. i Rognehaugen 11 ikkje blir ferdig før 1. september. Vi kjem difor til å vere i dei midlertidige lokala i 1. etasje i Rognehaugen 13 (ved sida av Bunnpris) til over sommarferien.

Kari Synnøve Muri

Kyrkja i indre Nordfjord



Stryn kyrkjekontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Besøksadresse: Rognehaugen 11

kyrkja@stryn.kommune.no

www.stryn.kyrkja.no

Kontortid: måndag, onsdag, torsdag og fredag
09.00 - 15.00, tysdag 10.00 - 15.00

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri

kari.muri@stryn.kommune.no

tlf 913 27 882

Sekretær Margrete Lillestøl

Sekretær Anne L. Honningsvåg

Prestane

For Oppstryn, Loen og Nedstryn

Sokneprest Henny Koppen, tlf 916 01 630

henny.koppen@stryn.kommune.no

For Randabygd og Nordsida

Sokneprest Hege Høiby, tlf 930 01 473

hege.hoibye@stryn.kommune.no

For Utvik, Innvik og Olden

Sokneprest Harald Runde, tlf 911 84 241

runde.harald@gmail.com

Trusopplæringa

Kateket Beate Nes

beate.nes@stryn.kommune.no

Kyrkjelydspedagog Martine Bø Solbakken

martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

Trusopplærer Guro Petronella Enerhaug

guro.enerhaug@stryn.kommune.no

Volda kyrkjekontor

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

kyrkjekontoret@volda.kyrkja.no

www.volda.kyrkja.no

Kontortid: Må, ty, to og fre kl. 10:00 (on
10:30)– 14:00

Kyrkjeverje Jostein Stråbø

kyrkjeveerja@volda.kyrkja.no

tlf 916 63 549

Hornindal sokn

Matias Austrheim, tlf 906 746 45

matiasprest@live.no



Tankar langs vegen ...



Tankar langs vegen

- ved Henny Koppen

Eg er på veg til Oslo. Eg køyrer. Diesebil. Han brukar ca ½ l drivstoff pr mil, - der er utslepp av eksos, gassar som gjer skade. Bilen er nettopp reparert for 14 000 kr, og der eg køyrer høyrer eg ein underleg dur som eg ikkje har høyrte før. Er det meir som er gale?

Eg har tenkt på det ei stund. Det er tid for å skifte bil. Eg treng ein som ikkje spyr farlege gassar ut i naturen. Det er på tide med ein el-bil. Skulle hatt det for lenge sidan.

Koronakrisa har gitt oss ein støkk. Det vart brått slutt på trafikken i byane. Flya vart sette på bakken. Lufta klarna. Hadde det ikkje vore for Covid 19-viruset kunne japanarane gått utan munnbind. Dei kunne pus- ta inn frisk luft. Himmelen klarna over dei store byane, fargane kom til syne; blå himmel, grønne tre, kvite fjell- toppar i det fjerne.

Flyselskapa er i djup krise. Oljenæringa slit, det er ikkje lønsam drift. Kva gjer styresmaktene? Pøser på med pengar så alle som forureinar skal klare seg. Ja, - eg er klar over at eg forenkler kraftig no, og eg kan argumenta: Viss ikkje vi utvinn olje gjer andre det på ein langt meir forureinande måte. Viss ikkje vi flyr, gjer andre det, og så er vi like langt.

Olje og fly skal klare seg, men kva om ikkje jorda klarar seg? Det siste året har unge menneske over heile verda ropt til styresmaktene om hjelp til å berge kloden. Dei ber om lover som avgrensar fly og biltrafikk, avskoging, forureining av havet og nedbygging av matjord. Her i landet ber dei om utbygging av jernba- nen, forbod mot plast, rein energi og gratis kollektivtil- bod.

Det skjer ikkje mykje. For konsekvensane blir tapt fortieneste, arbeidsløysse og konkursar. Men kva om ikkje jorda klarar seg? Kan ikkje Norge vere fyrst med restriksjonar og forbod som tek vare på naturen? Vi var fyrst ute med røykelova. Og folk i Norge har sagt at

dei ventar på lover som vil hjelpe oss til å leve meir fornuftig. Det er lettare å handle rett når alle må gjere det same.

Kyrkja får kritikk når ho meiner noko om jorda si framtid. Men sjå på dette som står i 1. Mos 1, 26-29: «²⁶ Gud sa: «Lat oss laga menneske i vårt bilete, så dei liknar oss! Dei skal råda over fiskane i havet og fuglane under himmelen, over feet og alle villdyra og alt kryp som det kryr av på jorda.» ²⁷ Og Gud skapte mennesket i sitt bilete, i Guds bilete skapte han det, som mann og kvinne skapte han dei. ²⁸ Gud velsigna dei og sa til dei: «Ver fruktbare og bli mange, fyll jorda og legg henne under dykk! De skal råda over fiskane i havet og over fuglane under himmelen og over alle dyr som det kryr av på jorda.» ²⁹ Og Gud sa: «Sjå, eg gjev dykk alle plan- ter som set frø, så mange som finst på heile jorda, og alle tre som ber frukt med frø i. Det skal de ha å eta. ³⁰ Og til alle dyr på jorda og til alle fuglar under himmelen og til alt som kryp på jorda, alt som har livsande i seg, gjev eg alle grønne planter å eta.» Og slik vart det. ³¹ Gud såg på alt det han hadde gjort, og sjå, det var svært godt»!

Det er vårt ansvar at jorda klarar seg. Det er verke- leg lov å meine noko. Og det er på tide å gjere noko. Trur det blir el-bil på meg no.





Foto: Jarle Hessevik

Turistinformasjon i Lo-kyrkja - av Olav R. Faleide

Våren 2016 begynte Loen Sokneråd å arbeide med tanken om å la kyrkja få status som Vegkyrkje.

Det vert stilt nokre krav til å få slik status; «*Ei Vegkyrkje skal ligge i nærleiken av ein trafikkert veg, ha ope minst tre veker om sommaren, minst fem dagar i veka og minst fem timar pr. dag, ha vertskap og enkel servering, samt tilby informasjonsmateriell og ha tilgang på toalett.*»

Alle desse krava fann soknerådet ut at dei kunne innfri, og utvida det endå meir – åtte veker om sommaren, sal av suvenirar og bemanning åtte timar kvar dag i veka. Grunnen var den store straumen av turistgrupper som var på kveldsvandring frå hotella etter middagen, og at dei viste ei ganske stor interesse for kyrkja vår.

Men med besøkjande frå så mange ulike land fann soknerådet fort ut at her var utfordringar med formidlinga, og at ei praktisk løysing ville vere skriftleg informasjon på fleire språk. Etter å kartlagt kva for språk det var trong for, måtte det avgrensast til fire – norsk, engelsk, tysk og spansk.

Men kva er det besøkjande ønskjer å vite, og korleis skal vi fortelje det?

Etter mange år som turistguide frå både cruiseskip og andre utanlandske oppdragsgjevarar, hadde eg som dåverande sekretær for Loen sokneråd, litt erfaring med kva gjester gjerne plar spørje om. Med denne erfaringa sette eg opp ein innhaldsdisposisjon, og emnevala fall på norsk kyrkjarahistorie i eit europeisk perspektiv, kva plass kyrkja har i folketradisjonen og korleis ho vert brukt av folk flest i dag. I tillegg var det naturleg å gje ei framstilling av historia omkring dei to

Lodalsulukkene i denne samanheng. Etter ein del korrekturlesing og val av bildemateriell fekk plakatanne si grafiske formgjeving med god hjelp av designfirmaet Farmhouse i Stryn, og med betre lyssetting vart det ikkje berre ei god støtte for dei som var vertskap i opningstida, men også ei utfyllande orientering til dei som ville studere det på eiga hand.

Ettersom Lo-kyrkja var meir eller mindre stengd for besøkjande i heile 2018-sesongen pga. omfattande takreparasjonar, har ikkje soknerådet fullstendig besøksstatistikk å halde seg til. Men etter dei tilbakemeldingane som er registrerte i samtalar og i gjesteboka, ser det ut til at presentasjonen er dekkjande m.o.t. informasjonsbehovet til dei som legg turen innom kyrkja. 2017 var første året som Vegkyrkje og då hadde to ungdomar frå bygda sommarjobb som vertskap, men det var ei kostbar løysing sett i høve til besøkstalet. I 2019 inviterte derfor soknerådet til dugnad, fortrinnsvis blant bygdas mange og unge pensjonistar – men mange yrkesaktive brukte også nokre av feriedagane sine til å vere med som sommarvertskap i kyrkja. Dette vil dei halde fram med, for det er ein svært triveleg jobb.



Det vert pynta og stelt - for no er det vår



Dugnadsgjengen ved Oldekyrkja. Foto: Reidun Brynstad

Olden

Måndag 27.april hadde Olden bygdekvinnelag og Olden sokneråd sin årlege vårdugnad ved begge kyrkjene våre. Ca. 25 personar var oppmøtte. Vi fekk raka, plukka rusk, og høgtrykksvaska kyrkjetrappene. Ein god tradisjon, godt samarbeid - og fint blei der.

Takk for innsatsen! Seier soknerådsleiar Reidun Brynstad.

Oppstryn

v/Beate Øvreberg Glomnes

Det vart kalla inn til dugnad ved Oppstryn kyrkje laurdag 25. april 2020, frå klokka 09.00 og utover.

Soknerådet var litt spent på om det kom til å møte folk i det heile p.g.a koronasituasjonen, men heldigvis var det ein heil flokk som møtte.

Vi var omtrent 18 personar som deltok. Alle hadde fått beskjed om å ta med eige hageutstyr for sikkerheits skuld, og det fungerte fint.

Dei fleste arbeidde ute på kyrkjegarden med å rake, klippe greiner og reinske kantar langs grusvegane.

3-4 personar vaska inne i kyrkja. Ei pussa sølv/messing, andre tørka av alle benkane, tørka støv, rista ut dukar m.m. Til og med pianoet fekk vaska seg litt. Då var det folk ute som lurte på om det var nokon som heldt konsert til arbeidet.

Dugnadsgjengen var rett og slett så effektive at dei var ferdig lenge før kaffikringla vart levert. Heldigvis var det strålende vær, så det var fint å vente litt på maten ute.

Vi hadde ei triveleg kaffistund nede ved vatnet før vi avslutta dugnaden.

Nedstryn Tekst og foto: Margaret Venøy Flo

Like visst som våren, er det dugnad rundt om på kyrkjegardane i sokna våre. Dette for å gjere det ryddig og pent til konfirmasjonane og 17.mai. På grunn av koronaepidemien i år vert alle slike tilstellingar utsette og avlyste, men det førte likevel ikkje til at dugnaden vart avlyst.

Den 27.april møtte Rotary Stryn til den årlege ryddeaksjonen ute på kyrkjegarden, mange driftige folk med rive, kost og høgtrykkspylar gjorde det pent på gangveggar og trapper.

Samtidig møtte Nedstryn sokneråd til dugnad inne i kyrkja. Her vart det vaska, støvsuga, rydda og måla så det lukta reint og godt i heile huset. Vi jobbar og med å få på plass eit gamalt kors som har lege på loftet og samla støv i 100 år, - skal bli fint å få det fram i dagen att.

Etter jobben vart det servert kaker og kaffi på kyrkjetrappa.

Tusen takk for hjelpa til Rotary og Nedstryn sokneråd, - godt å ha engasjerte og hjelpsame folk! Vi håpar å snart kunne ynskje publikum velkomne att i kyrkja. Ha ein god sommar.



Inne vart det vaska og måla på målingslitne stader.



Rotary og soknerådet i ein velfortent kaffipause



Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord og atter som eit under nytt liv av daude gror.

Innvik – tidenes dugnad

Tekst: Geir-Ståle Vatnamo

Meir enn 30 personar deltok på kyrkjelyden sin dugnad 23. og 25. april, i eit fantastisk bra vårvær. Kvart soknerådsmedlem hadde blitt oppmoda til å skaffe tre ekstra personar til dugnaden. Mykje av tida måtte naturlegvis nyttast til å gjere reint etter arbeidsfolka som la nytt tak i vinter. På loftet, der taktekkarane hadde skifta ut mykje råte materiale, var det sjølv sagt mykje støv. Her gjorde Henning Skogstad ein formidabel innsats med ein spesialstøvsugar frå eiga bedrift. Også utvendige vindauge måtte vaskast grundig.

Det var også viktig å rake plenen fri for lauv og smågreiner. Her deltok det mange som hadde med seg både river og trillebårer. Nokre har også utvendig plan-tebed som si primæroppgåve kvar vår. Her vart det rydda vekk bra mykje ugras. Det tradisjonelle arbeidet

innandørs blei også godt ivareteke av flittige hender som vaska kyrkjebenkane, pussa messing, polerte skinnet på alterringen og brudestolane osv. Vanleg vask av kyrkjeskip og galleri høyrer også med! Kort sagt, dugnadsgjengen gjorde det meste av det som gjerast kunne både inne og ute. Og fint vart det.

Soknerådsleiaren, Solveig Heggdal, seier at ho vil takke alle som kom og deltok. Til og med platekake og kaffi var dugnadsarbeid.

Solveig seier vidare at ho ser fram til 200 årsjubileet om nokre få år. Til den tid håpar ho at kyrkja blir nymåla. – Det er viktig at vi tek vare på kulturskattane våre, - for kyrkja grip sterkt inn i samfunnslivet vårt, avsluttar Solveig Heggdal.



Velfortent kaffipause med smakfulle platekaker (foto: Geir-Ståle Vatnamo)



Henning Skogstad støvsugar loftet (foto: Privat)

Nordsida

Tekst og foto: Rune Berglid

Soknerådet har organisert dugnad og kyrjegardsgjerdet mot nord-aust fekk hausten 2019 ei etterlengta oppretting, utført av ein svært kreativ dugnadsgjeng som fekk arbeidet gjort utan særlege kostnader til nye materialar. Området nedanfor kyrkja, mot fjorden, vart hausten 2019 rydda for krattskog for å betre utsikta. Å få vekk lauvskogen gjer det lettare og trivelegare, ikkje berre for turistar, men også for oss fastbuande.



Der sola renn i himmelrand

Tekst: Sedulius 400-talet
Omsett av: Arve Brunvoll 1978
Melodi frå 1100-talet

*Der sola renn i himmelrand,
og alt til ytste grenseland,
for Kristus, kongen, syng i kor,
han som vart fødd då møy vart mor.*

*Med velde skapte han vår verd,
men kjem i tenarlekam her.
Med kjøtet vil han kjøtet fri
og berga oss til evig tid!*

*Den Høgstes kraft og himlens fred
med Herrens Ande no stig ned.
Og utan mann vert sonen til,
ved ordet skjer det Herren vil.*

*Eit urørt hus, eit audmjukt rom,
vert til Guds eigen heilagdom.
Den løyndom møya ber i fang,
skal prisast i ei æve lang.*

*Ho fødde barnet som ho bar,
av Gabriel han lova var,
han som Johannes helsa glad,
som mor hans signa med sitt kvad.*

*Den høgste drotten ville bu
hjå sæle møy med einfelt tru.
Og han som mettar alt på jord,
no får han føde hjå si mor.*

*No jublar heile himlens kor,
og englar syng Guds pris på jord.
Til hyrdingane ber dei bod
om hyrdingen, vår Skapar god.*

*Du Fader, vere lov og ros,
og Ande, du vår trøyst, vårt ljøs,
og du, vår Frelsar, du Guds Son,
som er i æva all vår von!
Amen.*

Eg vil utfordre

Bernt Ragnvald Veddegjerde til å
dele sin salme med oss i neste num-
mer.

Min salme - ved Hege Høiby



Det er vanskeleg å velje ut ein salme, for det er så mange salmar som eg er glad i og som betyr noko spesielt for meg. Mange er knytt til kyrkjeåret – salmar eg føler må vere med i advent, til jul, i openberringstida og så vidare – men det er også mange salmar eg berre likar å syngje. Men om eg skal velje meg ut ein salme, så må det bli nr 121 i salmeboka: **Der sola renn i himmelrand.**

Det er ein gamal salme for Maria bodskapsdag, med tekst frå 400-talet og melodi frå 1100-talet. Diverre er den også vanskeleg å syngje, særleg som kyrkjelydssalme, så det er ikkje så lett å bruke den i gudstenesta. I salmeboka står den med den gamle kvadratnotasjonen – notesystemet dei nytta i mellomalderen – i tillegg til moderne notar, og berre det kan jo vere litt avskrekkande! Likevel er dette salmen som for meg høyrer til på Maria bodskapsdag.

Eg lærte den då eg song i kyrkjekor i Gamle Aker kirke i Oslo, ei kyrkje frå 11-1200. Det var inngangssalme kvar Maria bodskapsdag, og koret song utan tonefylgje medan vi gjekk inn. Melismane leika seg mellom søylene i steinkyrkja og tonane, orda og rommet klang saman. For meg både uttrykker og vekker melodien lengt; ei lengsle der det å lengte er å ha det eg lengtar etter, som å kjenne sola kome fram etter vinteren.

Teksten er også vakker. Den byrjar med å trekka dei store linjene:

«Der sola renn i himmelrand,/ og alt til ytste grenseland,/ for Kristus, kongen, syng i kor,/ han som vart fødd då møy vart mor!»

Frå der sola renn og heilt til den ytste grensa, der skal det syngjast for kongen som vart fødd då møya fekk barn. Vi går frå den heile, utstrakte jorda til spedbarnet. Og i versa som følger, trekkast paradokset opp: han som skapte verda, kjem som ein tenar. Han som mettar heile verda, får mat av mora si.

Så, må eg velja ein salme, må det bli denne. Eg tykker både melodi og tekst er vakre og passar saman, og eg tykker den også er god å syngje. Både melismane og tonespranga har eit slektskap med dei norske folketonane som gjer at tonespråket ikkje er heilt framand sjølv om det er uvant, og gregorianske tonar har ei ro og ei flyt som for meg gjev kvile.

Salmen vekkjer i meg ei lengsle som er glede. Ei lengsle etter det eg ikkje kan eige, men som eig meg, og som berre denne samansmeltinga av ord og tone kan uttrykkje.

Ombygging av alteret i Nedstryn kyrkje

Notat om prosessen

I samband med forslaga for ny liturgi og gudstenesteordning i byrjinga av 2000 talet, var eitt av forslaga at hovudregelen skulle vere at presten skulle stå bak alteret slik det gjerast i dei nyare kyrkjene frå 1960-70 talet, og deriblant i Nordsida kyrkje. Om alteret i dei gamle kyrkjene skulle endrast på grunn av dette, og i tilfelle korleis, var også diskutert.

Nedstryn kyrkje vart tidleg peika ut som prøvekyrkje for dei nye liturgiforslaga, og det kom i tillegg til forslaga om ny liturgi, fram fleire idear om endring av alterpartiet ved anten å flytte altertavla bak til veggen slik at det vert plass mellom altertavla og alteret, eller å få eit nytt alter lengre fram i alterringen. Soknerådet samla seg om den siste ideen, og for å prøve ut om dette kunne fungere, vart det laga eit mellombels hjelpealter framfor alteret.

Dette mellombels hjelpealteret fungerte så bra at det neste soknerådet ynskte å få denne løysinga permanent og godkjent. Dei fekk derfor arkitekt Aaland i 2015 til å lage ei skisse for ein nytt hjelpealter framfor hovudalteret og sendte dette til Riksantikvaren for uttale. I svaret frå Riksantikvaren var det skrive at det er muleg å ha eit hjelpealter innanfor alterringen, men alterfrontalen må stå på hovudalteret. Dessutan må det sendast formell søknad til biskopen om dette, og Riksantikvaren kan berre gje uttale til saka.

Det nye soknerådet i 2015 sende søknad til biskopen i desember 2016 om å få bygge eit nytt hovudalter og ikkje hjelpealter, slik at det verdifulle antemensalet kunne monterast på det nye alteret. Saka har teke svært lang tid og mange diskusjonar, først med Riksantikvaren og seinare med biskopen, før dette endeleg vart godkjent.

Utforminga av det nye alteret er på grunnlag av dei diskusjonane som har vore med Riksantikvaren og biskopen.

Diskusjonen har vore om desse argumenta:

- Det skal ikkje vere 2 alter inne i alterringen.
- Det er ikkje eit krav i den endelege gudstenesteordninga at presten skal stå bak alteret, og det kan verte seinare prestar som ikkje vil ynskje den nye plasseringa av alteret.
- Antemensalet må ikkje utsetjast for skaderisiko ved ombygginga.
- Dersom antemensalet vert flytta til eit nytt alter, må dette alteret stå fast slik at antemensalet ikkje vert utsett for skade ved eventuelt tilfeldig flytting av alteret.

Grunnlaget for vår søknad er at alle prestane og sokneråda vi har hatt sidan byrjinga av 2000 talet ynskjer ny plassering av alteret, og vi ynskjer og at antemensalet skal kome meir fram i lyset og ikkje vere delvis skjult av eit hjelpealter.



Svein F. Rønne presenterer den nye løysinga.

Foto: Jarle Hesdevik

- For å imøtekomme kravet om at det ikkje skal vere 2 alter inne i altarringen, er djupna på det gamle alteret redusert slik at det har fått ny funksjon som sokkel for altertavla og avslutning av alterringen, og det har ikkje lenger status som alter. Denne resten av det gamle alteret har igjen fått montert på den fronten som var på alteret før 1965.
- Fordi det seinare kan verte andre prestar i kyrkja som ynskjer alteret slik det var, er det muleg å flytte

det nye alteret inntil restane av det gamle alteret slik at dette til saman vert om lag slik det var før.

- For å unngå skaderisiko på antemensalet ved eventuell flytting, er det nye alteret forsynt med eit skjult hjulunderstell. Ved eventuell flytting kan hjula senkast ned under alteret slik at dette kan flyttast utan skaderisiko.

Biskopen har i år godkjent tiltaket, og det nye alteret sto ferdig montert i kyrkja i byrjinga av mars 2020.

Svein F. Rønne

Svein Rønne - tusenkunstnar med kjærleik til Nedstryn kyrkje

Kristi himmelfartsdag feira vi gudsteneste i Nedstryn kyrkje. Endeleg, etter ein fire år lang prosess, var alteret på plass, slik soknerådet hadde ønska det. Ikkje minst takka vere Svein Rønne hadde det flotte alteret vårt kome fram i lyset. Arbeidet med alteret er ikkje den einaste jobben Svein har gjort for kyrkja vår, lista er imponerende lang.

Urmakaren Svein Rønne kom frå Bergen til Stryn i januar 1989. Saman med kona, Solveig Lunde Rønne overtok han garden på Lunde. Ganske snart var Solveig og Svein ein aktiv del av Nedstryn kyrkjelyd. Svein fekk etter kvart jobben som kyrkjevevjer i Stryn, men han har og vore med i soknerådet, førre periode som leiar.

Svein likar å ha det ryddig og pent rundt seg, og han har sans for tenlege løysingar av god kvalitet. Dette skulle Nedstryn kyrkjelyd kome til å nyte godt av dei neste 30 åra. Som soknerådsmedlem engasjerte Svein seg i **sitjekomforten i kyrkja**. To alternativ vart diskutert, kjøp av stolar som erstatning for benkane, eller ombygging av benkeryggane. Det siste vart valt, men der var og innkjøpt ein del stolar som nokre heldige kan få sitje på når det er samlingar i kyrkja. Etter kvart vart det innkjøpt puter til benkane, gode og mjuke å sitje på.

Neste store prosjekt var **påbygget til kyrkja**. Det skulle byggast toalett og dåpssakristi. Soknerådet brukte ein arv og fekk på plass eit nødvendig og tenleg tilbygg. Som leiar i soknerådet tok Svein fatt på endå ei solid oppgradering av kyrkjebygget. Det var behov for nytt **lydanlegg**. Svein gjorde grundige undersøkingar og når val av anlegg var gjort var han aktivt deltakande i monteringa. Vi fekk eit godt anlegg med gode solistmikrofonar, knirkefri lydstyring og teleslynge. Nesten samtidig kom det opp **skjermar og prosjektørar** til PowerPoint-framsyningar. Riksantikvar og Biskop godkjende, og Svein gjekk i gang med monteringa. I dagar

og veker låg han på kne og la leidningar sirleg på plass langs lister og bjelkar. Dei skulle vere mest muleg usynlege.

Båten, krigsskipet som heng frå taket midt i kyrkja, trong ei oppgradering. Svein tok skuta ned og rigga opp att alt tauverket. Og ein dag var den tilbake, god som ny. Det var forresten Svein som i si tid fekk flytta skuta frå våpenhuset og inn i kyrkja, etter oppfordring frå prosten.

Arbeidet med **alteret** er nok det som har teke lengst tid. Presten skulle stå vendt mot kyrkjelyden, og arbeidet med å flytte alteret fram, tok til. Denne prosessen har Svein sjølv skrive om ein annan stad i Kyrjeklokka. Men det han ikkje skreiv om, var at han sjølv gjorde jobben med å bygge eit nytt alter og montere det verdfulle alterforstykket på dette. Det nye alteret har innfelt hjul, som kan slåast opp, dersom alteret skal flyttast tilbake på den gamle plassen, ved høve.

Kor mange arbeidstimar Svein har brukt for å oppgradere inventaret i kyrkja vår, finst ikkje tal på. Svein sjølv har aldri rekna på det. Det som er heilt sikkert, er at kyrkjelyden har spart mange tusen kroner på arbeidet han har gjort, vi snakkar om 100 000 kroner, kan-skje meir.

Dei som kom til kyrkja helgetorsdag 2020 fekk sjå ei nydeleg, oppussa kyrkje, midt i ei koronatid med strenge restriksjonar til frammøte. Kyrkjelyden er grenseløst takksame for arbeidet Svein har gjort, det er meir enn eit vanleg arbeid, det er så nydeleg og prikkfritt gjennomført at det saknar sidestykke. Vi finn mest ikkje ord, men må bruke det vi har:

Tusen takk Svein.

Vi håpar mange vil takke han direkte, ved høve.

Henny Koppen

Liturgisk hjørne:

Agnus Dei - *du Guds Lam*

ved Hege Høiby

Siste liturgiske hjørne tok eg for meg Sanctus, Heilag-ropa som kyrkjelyden syng etter den innleiande lovsongen i nattverd - liturgien. Denne gongen vil eg sjå på den andre av kyrkjelydssongane: Agnus Dei – Du Guds Lam.

Songen kjem mot slutten av nattverdsliturgien, etter fredshelsinga og brødsbrytinga (der den er med). I Den norske kyrkja kan ein velje om den kjem som eit eige ledd, eller som ei hymne under utdelinga.

Songen har vore ein del av nattverdsliturgien frå 700-talet i Vestkyrkja, men var endå tidlegare del av Austkyrkjas liturgi. I dei ortodokse kyrkjene syng dei Agnus Dei under brødsbrytinga, og fram til 10-1100-talet var det også plassen den hadde i Vestkyrkja. Det forandra seg i vest fordi ein byrja nytte oblatar framfor heile brød, og brødsbrytinga tok difor ikkje så lang tid lengre. Før det, hadde ein sunge den første strofa so mange gonger ein trengde til brødet var delt opp, men etter kvart blei det tre gonger. Hymna blei også sunge litt forskjellige stader: anten knytt til fredshelsinga eller til utdelinga.

Teksten er enkel: **«Du Guds Lam som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss»**

Orda kjem frå Joh 1,29, der døyparen Johannes ser Jesus koma og seier: «*Sjå, Guds lam, som ber verdsens synd!*» (Bibelselskapet 78) Johannes sine ord har blitt omforma til den liturgisk songen, og forandringane kan seie oss noko om tydinga og teologien i songen, og om plasseringa.

Det latinske namnet på songen, Agnus Dei (dei første to orda i den latinske teksten), er oversett «*Du Guds Lam*» fordi 'Agnus' (lam) er gitt vokativ form, ei bøyning som nyttast til direkte tiltale. Slik er påpeikinga «*Sjå, Guds lam*» er blitt ei helsing: «*Du Guds Lam*». Vi talar til Jesus, ikkje om han. Men vokativ nyttast også når ein påkalla ein guddom; vi talar ikkje berre til Jesus som til kven som helst. Vi helsar og tilbed han som er Guds Lam.

Dei neste orda er «som ber all verdsens synder». Her er det ikkje store forandringar frå bibelteksten: «synd» er i fleirtal, men meininga er ikkje nemneverdig forandra. Setninga heng saman med den første helsinga og er ein del av denne, men utdjuar også kven vi helsar. Orda identifiserer kva for eit Guds lam vi talar til (det som ber verdsens synder), og dei gjer det ved å seie kva dette Guds lam gjer. Med dette seier dei også kva som er viktig ved Lammet og kva funksjon det har.



Veggteppe frå Nedstryn kyrkje. Foto: Jarle Hessevick

Ein annan stad i bibelen talar om Jesus som Lammet: i Johannes openberrig. Kapittel 5 fortel om Lammet som vart slakta og som dei fire skapningane og dei eldste prisar rundt trona i himmelen. Og i Johannesevangeliet døyrr Jesus samtidig med at påskelammet for det jødiske påskemåltidet blir slakta. Linja trekkast frå utgangen frå Egypt, fram til openberringa.

Til Johannes sine ord er lagt «*misunna deg over oss*», og på 1000-talet gjorde ein om siste gongen til «*gjev oss din fred*». Disse ledda er bønledd. Den avsluttande fredsbøna kom sannsynlegvis til der songen blei knytt til fredshelsinga.

Teksten kan synest enkel, men det vi gjer når vi syng orda, er likevel komplekst. Først helsar vi Guds Lam, som er Lammet i openberringa og påskelammet frå 2. Mosebok. Når dette skjer under brødsbrytinga, er det fordi Lammet er til stades i det brotne brødet. Det er Jesus som er til stades i nattverdselementa vi helsar, og hans kropp som er brote. Og det som var, og det som er, og det som skal kome, møtast der vi er samla. Denne meininga er også til stades når vi syng den under utdelinga, sjølv om koplinga til lidings saga ikkje er like direkte. Vi helsar i større grad Lammet vi skal ete og sameinast med.

Deretter minnst vi kven Lammet er og kva han har gjort: han ber verdsens synder. Det som hende på Golgata, gjeld også i dag; framleis ber han synda i verda og hans brotne kropp heilar oss.

Til slutt bed vi om miskunn, og om fred. Lammet som vart slakta, er den som kan opna bokrullen som var forsegla med sju segl (Op 5,8) og skape rettferd. Han er den som med sin død bergar oss. Krossen er Jesu trone, og det er han som kan gje oss miskunn. Vi søker hans fred, den han lova læresveinane under det siste måltidet (Joh 14,27).

Slik Sanctus gjev oss del i serafanes lovsong for Guds trone, tek Angus Dei oss til den himmelske tilbedinga av Lammet, men no er det krossen og lidinga og Jesu brotne kropp vi møter. Og det er denne brotne kroppen som læskar og heilar oss når vi et og blir eitt med Han.

Mi "koronapåske" 2020

Ja, det vart ei annleis påske for meg, som for dei fleste andre, dette året. Men det vart likevel ei god påske. Når eg ser tilbake på påska i fjor, og påskene åra før, så kan fellesnemnaren oppsummerast slik; besøk av familie, slekt og vener med liv og røre i heimen, uteaktivitetar og gudstenestefellesskap. Malen har stort sett vore den same kvart år. Men slik vart det ikkje i år, korona pandemien sette ein stoppar for det. Leiting etter påskeharen, eggtrilling og andre populære "lokale" påskeaktivitetar vart avlyst, for deltakarane uteblei. Og så var det gudstenestefellesskapet då, eller mangel på dette. Pasjonsgudstenesta Langfredag kveld og Høgtidsgudstenesta Påskedag, og praten på "kyrkjebakken" etterpå, har for meg vore viktige programpostar i påskefeiringa.



I år heldt vi oss mykje for oss sjølve, kona og eg. Ein dags-tur ut av bygda, heilt til Volda, og ein påskevandrings-tur ute i det fri, i lag med familie-medlemmer

der, tok vi sjansen på. Med smittevernreglar i bakho-vudet, rusla vi langs ei oppmerka løype med plakatar og plansjar som tydeleg formidla påskebodskapen til alle som tok seg tid til å stanse opp og lese.

Slike "påskevandringstilbod" var det mange av i bygdene våre denne påska. Flotte plansjar med bilete og tekstar som formidla påskebodskapen på ein fin måte. Eit nytt tiltak som viser kreativitet og nytenking når situasjonen krev det. Apropos nytenking. Kva skjedde når folk ikkje fekk lov å samlast i kyrkjene? Jau, då kom kyrkja ut til folket, med påskebodskap, song og musikk. No fekk eg sjå nytteverdien av sosiale media. Aldri før har eg delteke på så mange gudstener som i denne påska, og attpå til frå godstolen heime i stova. Frå Nærbø kyrkje, frå Fredheim Arena i Sandnes og frå Volda Frikyrkje fekk eg til og med vere i lag med familiemedlemmer. Påskedag kom høgtidsgudstenesta frå Olden kyrkje inn i stova til oss, og andre påskedag var eg i lag med 1100 andre på gudsteneste i Tromsø. Snakk om kreativitet og gudstenestefellesskap! Eit ordtak seier; *"Ingenting er så gale at det ikkje er godt for noko"*. Kanskje det kan passe inn i den koronasituasjonen som vi er i, kanskje vi har bruk for å stanse opp litt, stille kritiske spørsmål, tenkje nytt, vise kreativitet og kanskje starte litt sjølvransaking. Det vart ei rar, men god påske for meg.

Påska i fjor var den vanlege sorten med liv og røre og skiftande vår med fellesskap i kyrkjer, hytter og heimar, og besøk frå både fjern og nær.

Kveldar med brettspel, quiz og trim og fleire timar med påskekrim.

Påska i år vart ein ny variant med virus frå alle kantar med pålegg frå statsråd Høie og co, og folk som vart sjuke og skrantar.

For påska sin bodskap med håp for kvar sjel, vart kyrkja redninga likevel.

Påska til neste år ligg langt fram i tid, eg håper at viruset er vekke slik at folk kan samlast i lag og lyd og kvarandre hender rekke.

Det er vanskeleg å spå korleis det vil bli, men påskebodskapen trumfar einkvar pandemi.

Einar Åbrekk, Olden

Samtale med Birger Skåre, kyrkjegardsarbeidar

av Olaug S Mork - for Oppstryn sokneråd

Kan du fortelje litt om deg sjølv?

Eg er fødd i 1957 og bur på Skåre der eg er oppvaksen, er gift, har 3 born der to bur i Stryn og ein i Oslo, og pr. d.d. 3 barnebarn.

Eg har tidlegare jobba eit par år i Nor-Maskin i Hjelledalen, så 39 år på Meland sag og høvleri. Siste vintrane der tok eg ekstra jobb med snøbrøyting for Mesta.

Så har eg vore med i soknerådet i Oppstryn snart 10 år og byrja i jobben som kyrkjegardsarbeidar våren 2017.

Kvifor søkte du på denne stillinga?

Om eg ville prøve å byte arbeid var tida for det koma. Om arbeidet som kyrkjegardsarbeider er mindre kroppsleg tung enn den eg hadde, har begge arbeidsplassane variert arbeid.

Kva arbeidsområde har du ansvar for?

Eg har hovudansvar for Oppstryn kyrkje. Men ved feriar og sjukdom inngår alle dei 9 kyrkjene i kommunen i arbeidsfeltet mitt. 80 % av stillinga er utearbeid (kyrkjegardsarbeid), og 20 % er innearbeid (kyrkjetenar). Arbeidsoppgåvene er mange og varierte. Innearbeidet er å sjå til og syte for at alt er på plass av det som trengst og i orden til alle arrangement. Og eg er i tillegg tilgjengeleg ved spørsmål, hjelper gravferdsbyrået når dei har oppdrag, og kontrollerer at alt er i orden etter arrangement før døra kan låsast. Og om vinteren skal eg ta vedlikehald.

Ute er det bl.a. slå plen og gjere flid så der ser fint ut, rakar kyrkjegardane for kvist 2-3 gongar i året. Eg hjelper gravaren med det som trengst ute ved gravferder. Og merkjer opp for steinmontering slik at det er klart når gravsteinen skal monterast, og etterfyller med jord på graver når det trengst. Fjernar gamle gravsteinar når graver er sletta, om familien ikkje gjer det sjølve. Merkjer opp gravfelta på kyrkjegardane før vinter og snø kjem (det er stikkene som ein ser står på kyrkjegardane vinterstid)



*Birger på arbeid med stell av gravplassen ved Nedstryn.
Foto: Jarle Hessevik*

I tillegg har vi ansvar for totalt 75 graver som skal plantast på og stellast på dei ulike kyrkjegardane. Dette er for familiar som ikkje sjølve har høve til å stelle gravene fordi dei t.d. bur for langt unna.

Det er ikkje ein 9-16 jobb, er eg t.d. i Utvik og skal slå plenen så gjer eg meg ferdig, så slepp eg å bruke tid på å køyre ut att neste dag. Det er nok arbeid til at stillinga er 100%, og ikkje er småstillingar slik det var tidlegare. Dette gir god kontinuitet, og vert lettare for dei som skal overta etter kvart t.d. ved å sjå at det er likt system på alle gravplassane ang. gravene og merking. Vi prøver å halde same standard på alle kyrkjegardane, - det synest eg er viktig.

Kva er det som gjer at du liker denne jobben?

Eg treffer på mykje folk, og det er fleksibilitet som gjeld begge vegar, og eit allsidig arbeid. Så har eg veldig greie medarbeidarar, både sjef og arbeidskollegaer. Det er kjekt å vere med å planlegge og ha innverknad på utsjånaden av kyrkjegardane. Det gjev ein god følelse når alt er stelt og det er slege på alle kyrkjegardane t.d. før 17.mai.

Så er det og ekstra gjevande å vere med på livets gong, som dette arbeidet gir meg anledning til.

Eg likar å ha samarbeid med sokneråda for å få innspel på kva dei ynskjer å få utført. Så har eg ei oppmøding til alle sokneråda: Kan de diskutere kven som skal vere ansvarleg for alle dei høge trea som står rundt omkring på kyrkjegardane, dersom dei knekk eller bles over ende i ein storm. Skal det vere soknerådet, kyrkjetenaren eller kyrkjevevjer som skal vere ansvarlege ved skade som t.d. ei knust rute?

Om fleire ynskjer å lage minnelund, er det viktig å tenkje langsiktig for å finne plass som kan nyttast. Eg trur det vert lettare å få godkjenning via kyrkjesystemet om vi alle har lik standard.

Synest du at du har bra nok økonomisk ramme, og tid til å utføre det du ynskjer bør utførast?

Eg synest det er for dårleg betalt for bruk av privatbil i jobb, og det at vi må bruke privatbil. Eg skulle gjerne hatt jobb-bil. Elles ok.

Det er mange som snakkar om at du gjer ein veldig god jobb, og er imponerte over innsatsen. Får du tilbakemeldingar på arbeidet du gjer frå «folk flest»?

Det er mange som seier vi (kyrkjegardsarbeidarane) gjer ein god jobb, men vi gjer berre jobben vår. Skryte

kan folk gjere til Kari (Muri), men kjeft kan vi få direkte.

Gjer du ekstraarbeid som du ikkje er pålagd, men som du synest er ekstra hyggeleg å kunne gjere?

Ja, det gjer eg, t.d. at eg rettar opp ein stein, vatnar blomstrar om nokon som bur langt vekk har spurt om eg kan gjere det. Eller leitar fram gravstein som er sett til sides om familien vil ha den sjølv.

At eg no ringer med kyrkjeklokka i Oppstryn ved midnatt nyttårsaftan er noko kyrkjekontoret har bede om.

Har du ei oppfordring til oss bur i soknet og besøkjer kyrkjegardane, som vi kan bli flinkare til å gjere?

Ja, ikkje sett noko utanfor bedinnramminga eller bedkanten på gravene. Står der ting, hindrar det oss når vi skal slå plenen, og det er ikkje fint når der vert ståande att grastustar.

Folk er flinke til å møte opp på dugnad, berre dei får beskjed om det. I Oppstryn ber soknerådet medlemne ha med seg tre personar kvar til dugnad. Dette fungerer fint. Det er viktig at ein person har hovudansvaret for arbeidet som skal gjerast. Eg anbefaler dei andre sokneråda å gjere som i Oppstryn.

Har du ei spesiell oppleving i jobben du kan fortelje om?

Det er ikkje alt som kan kome på trykk, men eg er veldig glad for at vi i Oppstryn no får minnelund. Eg har vore med å jobba for dette i 8 år, og denne veit eg vert sett pris på, og kjem til å bli nytta.

Til slutt vil eg takke for praten, og ynskje deg lukke til vidare i arbeidet.

Kyrjeklokka

- bladet som kjem ut til alle heimane 4 gonger i året
- bladet som har oppbyggeleg stoff for både vaksne og born
- bladet som presenterer folk og hendingar i kyrkjelydane våre
- bladet der kyrkjekontoret og dei tilsette får gitt oss informasjon

Det har ein kostnad å produsere og sende ut bladet men bladpengane er ingen fast sum og betalinga er frivillig.

Kanskje har du gløymt å betale eller mista giroblanketten som låg i bladet for litt sidan.

Fortvil ikkje - du kan framleis sende bladpengar/gåve til:

Bankgiro **0538 18 51054** eller Bankgiro **3795 30 05108**

Kyrkja i koronatida



Festgudsteneste frå Nedstryn 17.mai

12. mars, den dagen landet vårt vart stengt ned, var kateketen vår, Beate, på bana med ein gong. Denne utsegna kom kontant: «*No må vi tenkje nytt. Vi må planlegge korleis kan vi vere kyrkje i ei slik tid*». Neste dag var vi alle heime, på kvart vårt kontor. Så starta det.

Heimekontor og gudstenester

Vi kunne kommunisere på e-post, på telefon, på Messenger og på Facebook. Kunne vi også bruke Skype, og sjå kvarandre medan vi snakka saman? Det kunne vi. Stabsmøta kunne vi halde som før, berre at vi sat ved kvar vår datamaskin, heime. Det gjekk fint, var faktisk litt meir effektivt enn til vanleg. Kunne vi bruke Facebook til å halde kontakt med medlemmane våre? Det kunne vi. Kvar dag la Beate ut eit aktivitetsforslag til born som var heime. Etter kvart vart det bønner og dikt som var med på å setje mot i oss. Kva med gudstenestene? Det var heilt uaktuelt å samle folk i kyrkjene. Kan vi spele inn noko? Kven kan gjere det. Vår mann, Kyrre, kunne. Utdanna for å gjere slikt. Rett nok var det ti år sidan førre produksjon og utstyret vi hadde var ikkje det beste. Men vi gjekk i gong. Alt veka etter hadde vi ei gudsteneste klar. Vi spelte inn laurdag føremiddag, og Kyrre sat mest heile natta for å få alt klart. Men klokka 1100 søndag var vi på lufta. Seinare vart det gudstenester kvar søndag, og kvar høgtidsdag i påska. Og i mai heldt vi fram. Den 10. mai kunne vi opne kyr-

kjene til gudsteneste, men det var så mykje som måtte klargjerast, at vi måtte vente. 17.-maigudsteneste vart innspelt i Nedstryn kyrkje, og 17. mai kl 1100 kunne vi opne dørene i Oppstryn og ynskje velkomen til festgudsteneste. Då hadde kyrkjene vore stengde sidan 8. mars.



Opptaksaktivitet i Olden

Gravferd , vigsel og dåp

Heilt stengde var kyrkjene ikkje. Gravferder måtte gjennomførast som før, men brått vart det slutt på all handhelsing og på alle klemmar ved grava. Berre familien fekk kome til kyrkja, og alle måtte sitje med god avstand til kvarandre. Dette vart særst tungt for alle som måtte gjennom det. Alle sørgesamtalar måtte skje på telefon, det var ikkje ideelt.

Vigsler og dåp sto på vent, etter kvart ville mange gjennomføre, trass restriksjonar. Dåpssamtalar og vigselsamtalar måtte skje på telefon, uvant, særleg for prestane.

Konfirmantane

Vi hadde store planar for konfirmantane og for trusopplæringa i denne perioden. Vi heldt kontakt med konfirmantane gjennom Facebook, men det var ikkje så mykje vi kunne kome med, anna enn alt som var avlyst og utsett. Nye dagar for konfirmasjon vart publisert i slutten av april, men korleis konfirmasjonen blir gjennomført, veit vi ikkje før dagen nærmar seg. Trusopplæringa jobba kreativt, og tårnagentopplegget som vart gjennomført for Nordsida og Randabygda, finn du skildra i ein annan artikkel i bladet. Dokka Solveig, med buktalarmamma Guro, var med på innspelningar for born, både i påska og under Tårnagenthelga.

Det har vore, og er framleis utfordrande å vere kyrkje under så strenge restriksjonar, men det gode med det er alt vi har lært, særleg fordi vi har så kreative og løysingsorienterte medarbeidarar. Det positive tek vi med oss vidare.

Henny Koppen, sokneprest

1. Beate og Martine lagar bursdagsfest på kyrkja sin fødselsdag
2. Hege Høiby har «forteljargudsteneste» om David og Batseba i Nordsida
3. Kyrkjjetenar Kyrre fekk heimearbeid med redigering
4. Alle samlingar i kyrkja har kyrkjevertar som fører korona-lister over frammøtte

Stillbilde frå opptak og foto v/staben





Nyleg avla organisten vår, Anders Kvile, eksamens-konsert ved Høgskulen i Volda. På grunn av smittevern-tiltak kunne ikkje konserten haldast på skulen og difor vart det gjort videoopptak som vart vist for sensorane. På dette opptaket hadde Anders med seg musikarane Jon Are Steen (bass/gitar), Marius Arntzen (saksofonar), Kyrre Nordnæs (slagverk) og vokalist Knut Sverre Nes.

Anders er ein speleglad kar som gjerne ville dele konserten sin med eit publikum. Heldigvis vart det det oss som var i Nedstryn 2.pinsedag.

JAZZ i Nedstryn kyrkje Konsert på 2. pinsedag - med orkester, solistar og kor

Til konserten i kyrkja hadde han i tillegg fått med Ingebrikt Kyrkjeide (trompet/flygelhorn) og medlemmer frå Stryn Blandakor (for høvet kalla «Cor-ona»).

Med dei restriksjonane vi har, var det påmelding til konserten og berre 50 fekk plass, men vi som var til stades kosa oss over tradisjonell jazz, filmmusikk, salmesong og klassisk orgel. Det vart ei fin blanding der dyktige musikarar og ein kreativ arrangør skapte ei magisk stund i kyrkja.

Skal vi gjette på kva som skjer i framtida, trur eg Anders har meir han vil dele med oss. Gjer det gjerne, - meir enn gjerne, og vi blir med på neste prosjekt med glede og forventning.

Takk for det de delte, - og applausen var varm og ekte!

Jarle Hessevik

Frå v. Kyrre Nordnæs, Jon Are Steen. Anders Kvile, Ingebrikt Kyrkjeide og Marius Arntzen

(Foto: Margaret V. Flo)



Oddny under open himmel



Oppmuntring

av Oddny Torheim

I januar då eg sat og skreiv innlegg til første nummeret dette året, var eg heilt uvitande om kva som kom til å hende i mars, april og vidare utover.

Eg tenkte litt framover og noterte meg at ut på våren ville eg skrive om oppmuntring. Eg hadde lyst til å streke under kor viktig det er for borna, ungdomane, og for alle menneske at dei "vert lyfta opp", oppmuntra. Eg kunne vel ikkje funne noko overskrift som høver betre denne gongen. Vi har alle vore gjennom mange veker i redsel, uvisse, avstenging, og der har dukka opp mange spørsmål av ulike slag.

Eg minnst frå mine barneår. På veg frå skulen møtte vi ofte ein eldre mann. Vi var på veg oppover, han var på veg nedover. Vi var trøytte, svoltne, hadde tunge bøker å bere, og bakkane var bratte. Kvar gong vi møtte han, helsa han: "Godt mot!" Det var ei gamal helsing. Den helsinga kunne kanskje høve å bruke no. Vi fekk ny kveik, og han såg på oss som bygda si framtid.

Eg har fått oppmuntringar mange gonger, og eg har sjølv prøvd å gje det til andre. Det kan vere rosande ord, eit vennleg smil, eit varmt handtrykk, eit klapp, ei hjelpande hand, eit heiarop, ein telefon, eit brev, eit kort, ein blomsterkvast, eit lys eller vaffelhjarte.

Ein far var vide kjend for å oppmuntre folk. Sonen ville gjerne lære det. Han spurde faren kva han såg etter hos folk som trong oppmuntring. Faren svarte: "At dei pustar." Behovet er altså allment. Enkelte menneske er flinkare å oppmuntre enn andre. Dei har denne nådegåva som er ein kombinasjon av godheit og venleik. Ikkje minst i periodar med mange motbakkar treng vi oppmuntring.

Ja, kjære foreldre! Denne våren har de hatt mange oppgåver i heimen. Det vart meir barnepass, meir matlaging, heimeundervisning og trøst og oppmunt-

ring skulle gjevast. Nokre av dykk hadde i tillegg viktige arbeidsoppgåver som måtte utførast. Det vart eit stort puslespel for å få dagane til å gå på beste måten. Det vart travle veker, men ver glade for innsatsen dykkar.

Borna har kome i fokus desse vekene. skuleelevane skulle arbeide heime. Det har truleg gjeve dei tolmod og nye datakunnskapar m. m. Men det vart ikkje heilt det same som å vere på skulen.

Mange ungdomar miste planlagde konfirmasjonar, skuleturar, eksamenar og skuleavslutningar.

Noko må de rekne med å ha tapt, men konfirmasjonane vert truleg til hausten, og då bør det bli dobbel glede. Glede for at ein kan samlast, og for at ein er friske.

Det har vore lange veker for dykk som har vore på omsorgsentra og for eldre som bur åleine heime, når de har vore isolerte.

De har vore tolmodige og mange har også lært å ta kontakt digitalt.

Mange i ulike yrke har hatt ekstra innsats. Eg tenkjer spesielt på alle innan helsevesenet, matbutikkane, politikanane og leiarane av samfunnet. Mange viktige vedtak er gjorde, og det har verna oss. Ta i mot ei hjarteleg takk for innsatsen dykkar!

Påskehøgtida kom med stengde kyrkjer, men vi fekk sjå og lytte til flotte overføringar i TV og radio, og vi kunne gå til kyrkjegarden der vi kunne gå "Påsketidvandringa". Der fekk vi lese tekstar og oppleve dei fine bileta. Takk og oppmuntring til alle som har arbeidd med dette opplegget!

I gudstenesta 2. påskedag vart det sagt at fokuset har vore på koronaviruset i fleire veker, men lat oss no ha fokus på Jesus.

GOD SOMMAR!

Tårnagentar i oppdrag

Er du ein av dei som har blitt overraska over å finne eit håpshjerte utanfor døra di, i hagen eller på veg til butikken? Då har du truleg hatt besøk av ein tårnagent som var ute på hemmeleg oppdrag.

Tekst: Martine Bø Solbakken

Å spreie håp i ei annleis tid

3.-og 4.-klassingane i Innvik, Utvik, Nordsida og Randabygd var siste helga i april invitert til å delta på tårnagenthelg heime i staden for å kome til kyrkja. Oppdraget dei skulle løyse var å spreie håp og glede for andre ved å lage og legge igjen eit håpshjerte i all hemmelegheit.

Trusopplæringstiltak via YouTube

Først måtte agentane finne oppdraget sitt på YouTube, ved å sjå ein innspelt film frå trusopplærarane. Når håpshjertet var laga, tatt bilde av og sendt inn, kunne den superhemmelege konvolutten opnast. Den kryptiske tårnagentskrifta måtte då tydst for å kunne spore opp agent-gåva som var lagt ein hemmeleg stad. Søndag var agentane inviterte til å delta på tårnagentgudstenesta på YouTube, som var spelt inn i Randabygd kyrkje.

«Jakten på den stille stemmen»

Eit tips til fleire er å leite fram «lydboka» som heiter «Jakten på den stille stemmen» (på YouTube). Den spennande forteljinga handlar om fire tårnagentvenner som har ein superhemmeleg klubb og må løyse eit viktig oppdrag i lag. Kanskje noko å leite fram for barn/barnebarn?



Foto: Tårnagentane



Tårnagentfilm

ԵՎԳՅԿԼՈՂԻՆ! ԵՐ ԵՎ
ՔԻ ԵՎ ԳՈՂԵՐՈ.
ԵՐԳ ԵՐԵԿԼՈՂԻՆԵՐԵԼԵՐ
ԼԵԵԿ ԵՐ ԴԵԼԼ ԵՎ
ԿՃԳԿԵՆԵԳԿԵԼԵԿ
Ե ԵԼԼԼԵԿ ԵՐ.
ԴԵԿԵՐ ԵՐԴ!



Tårnagentklubben: Jakten på den stille stemmen

«Vi skal jobbe for det gode, bruke hjartet, bruke hovudet. Bibelen har gode ord, vi skal setje gode spor. Ikkje berre tenke på oss sjølve, men hjelpe andre. Du og eg kan gjere ein forskjell, vi kan forandre.»
(Frå Tårnagentsongen)



Beate kateket og Johanna, dotter til Laila Thastum, presenterer den nye dåpskjolen som er til utlån på kyrkjekontoret.

Kyrkja i indre Nordfjord med eigen dåpskjole

Det er ei stor glede å kunne invitere til dåp i kyrkjene, og det er kjekt å kunne melde at vi no har ein dåpskjole til utlån, for dei som ikkje har dåpskjole i familien.

Kjolen er laga på oppdrag frå trusopplæringa og det er Laila Thastum, busett i Oppstryn som har laga den. Laila fortel at ho er opptatt av gjenbruk av tekstilar når ho arbeider, og at det også har fått prege dåpskjolen. Kjolen er enkel i uttrykk, med eit enkelt og fint handbrodert symbol på brystet, og med ein gammal blonde nedst på kjolen. Broderiet er i krossting og er av ei due og kors med gullglorie. Vi håpar dette kan bli eit felles klenodium.

Kjolen er sydd litt stor, slik at den skal kunne passe barn opp til ca 9 månaders alder.

Det er berre å ta kontakt med kyrkjekontoret om du vil låne den når du skal ha dåp. Vi gler oss til å sjå den i bruk.

Beate Kateket



Dåpsalme nr 592

T: Elisabeth Moldestad/

M: Eilert Tøsse

For augo våre faldar ein
skapardraum seg ut:
eit vakkert lite menneske,
eit bilete av Gud.

Vi ser det og vi kjenner strok
av himmel mot vår hud.

Den draumen får vi dela,
det rører oss å sjå
eit vakkert lite menneske,
og gleda strøymar på.
Vi takkar han som andar liv
i alle sine små.

No ber vi med oss draumen
på skaparen sitt bod,
eit vakkert lite menneske
skal koma fram og få
dei orda og dei dropane
ei tru kan spira frå!

Det største skal få henda
når vatn møter hud;
eit vakkert lite menneske
får høyra til hos Gud.
Vi ser det og vi kjenner von
om nåde livet ut.



Urnelund i Oppstryn

Tekst og foto: Kathrina Flo, soknerådsleiar



Det har i lengre tid vore tema ved soknerådsmøta å få til ein urnelund på kyrkjegarden i Oppstryn. Dette for å etterkome ynskje frå personar som kan tenkje seg ei slik «siste kvile» og at pårørande som bur langt vekk skal sleppe å ha ei grav å stelle. Vi er no komne så langt, i lag med Stryn Kyrkjeleg fellelsråd, at det er kopla inn arkitektar og vi vonar snart på å sjå eit forslag som vi kan einast om. Planen er og at dersom fleire sokneråd ynskjer urnelund, kan Oppstryn vere eit eksempel å sjå til.

Her mellom bjørkene er urnelunden tenkt å vere, den skal skjermast av slik at det vert mogeleg for dei som ynskjer det, får vere for seg sjølve. Urnene som vert sette ned, skal få namnet med fødselsdato og dødsdato på ei plate som vert festa på ein bauta som vert plassert omtrent midt i lunden. Det skal og vere eit fint blomsterbed rundt bautaen.

PS! Soknerådet er takksame for tips dersom nokon i bygda veit om ein stein som kan eigne seg til bauta, ynskjeleg mål er ca 40x40x 200 cm, må kunne hentast ved køyrbar veg.

Minnelundar

Tekst: Red.

Frå forskrift til gravferdslova:

§ 15a. Anonym og navnet minnelund

- Med minnelund forstås gravfelt på gravplass uten adgang til gravminne knyttet til den enkelte grav. § 13 første ledd og § 15 annet og tredje ledd gjelder tilsvarende for grav i anonym og navnet minnelund.
- Gravens plassering på anonym minnelund er bare kjent for gravplassmyndighetene. Plassering av grav på navnet minnelund kan gjøres kjent. Anonym og navnet minnelund skal plasseres i atskilte gravfelt.
- Ved anonym minnelund kan det plasseres minnesmerke. Ved navnet minnelund skal det plasseres minnesmerke med navn og data på de gravlagte.
- Grav på anonym minnelund har ingen ansvarlig. På navnet minnelund kan grav festes etter fredningstidens utløp. Nærmere bestemmelser gis i gravplassens vedtekter.

Rundt i landet finst det etter kvart mange urnelundar, eller minnelundar som det også vert kalla.

Felles minnesmerke har lange tradisjonar som markering av falne i krig, folk som har kome bort på sjøen eller i andre ulukker. Dei fleste av desse har med namna til dei døde.

Etter gravferdslova er det høve til å bygge ut felles minnelund for nedsetjing av urner, og nokre stader også plass for kistegraver.

Det finst minnelundar med namn og gravminne og det finst anonyme gravlundar.

To typar minnelundar:

- **Minnelund med namn**, - er ein mellomting av en ordinær grav med gravminne og anonym grav. Ein får då namne og årstal gravert på eit felles gravminne. Om lag kvar tredje kommune har i dag ein eller fleire minnelundar med namn.

- **Anonyme minnelundar**, - der kan ein få sett ned urne anonymt. Der er det eit felles minnesmerke utan namn og årstal. Langt færre kommunar har ein anonym minnelund.

Bestemmelsar om minnelund med namn seier at minnelunden skal vere eit eige gravfelt og pårørande betaler festeavgift og eingongsbeløp for felles beplanting og stell av minnelunden i 20 år.

Er det anonym minnelund, gjel særlege reglar for nedsetjing av urne, der etterlatte ikkje er til stades.

*Døme på minnelund. Frå Havstein, Trondheim.
Foto frå Gravplassforeningen (nettside)*



Minneord om Kjell Fagerstrand - kyrkjetenar i Oppstryn i 14 år

Det gjekk så stilt - då du tok avskjed. Koronaen hadde fanga oss heime, så det var mange som ikkje kom i gravferda som ville vore der. Likevel var du med oss i tankane, både då og tidlegare.

Kjell var frå Frøya, men han kom til Oppstryn og Øvste Rygg i 1974. Der laga han og kona Asbjørg ein fin heim til seg og dei to gutane deira. Garden stelte dei godt i mange år. Så kom kreften og reiste med mor, det var tunge tider.

Etter mange år som bonde, selde han dyra og dreiv som avløyssar, snikkar og alt-mogleg-mann. Kjell var svært nevenyttig. Han innreidde fjøset til snikkarverkstad og laga og mange fine handverksting i tre. Det var difor naturleg å spørje han om å setje i stand hytta på Vetledalen, då den vart restaurert i 2010. Her gjorde han som vanleg eit godt arbeid som mange har glede av den dag i dag.

Så stod Oppstryn i beit for kyrkjetenar, Liv hadde tent lenger enn ein kunne vente, og den som tok jobben, var Kjell. Men han smilte lurt då han fortalde at han ynskte å endre på praksis for nedvask. Den gjekk ut på at kyrkjetenar vaska så høgt han nådde på veggane. Som kyrkjetenar var han alltid på plass og visste kva som skulle gjerast til ei kvar tid. Kjell var lett å samarbeide med, roleg og venleg tok han i mot oss i kyrkjedøra. Etter kvart vart det også soknerådsarbeid på Kjell. Han leia rådet stødig og trygt gjennom mange år.



På fritida vart det siste åra korsong i Hjellegklang. Bassen var ikkje fullstemmig utan Kjell. Han les notar og spela litt orgel. Musikalsk var han, og hørde godt om noko var ureint. I koret fann han eit sosialt miljø som han gledde seg til kvar veke. Også i Betel var Kjell aktiv, tidlegare som leiar for ungdomsklubben i mange år, seinare som deltakar på Hyggjestunder og møte. Alltid denne lune, smilande og lange mannen som ville alle vel. Kjell var eit JA-menneske, han var lett å be om ei handsrekning, og han gjorde seg alltid føre. Han hadde mange verv i styre og stell og var godt likt i bygda og nabolaget. Sjukdom og helseplager sette dei siste åra ein stoppar for det meste. Men musikken hadde han med seg. Vi vil minnast Kjell Fagerstrand med glede og takk.

M-J Folven



Slekt
skal følgje
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene (16.02. - 06.06.)

Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Nedstryn - Loen - Oppstryn

Innvik	Nedstryn	Loen
Døde: 31.03. Olav Lyslo, f. 1949 22.04. Jan Gudmund Kvamme, f. 1940 20.05. Kåre Olav Gjerde, f. 1927	Døyppte: 01.03. Eily Weyer Flo Foreldre: Hilde Utne Weyer og Mats Flo 23.05. Silas Emil Krogh, Forleder: Dorid Marie Krogh Holko 23.05. Eili Engen-Halsør, Foreldre: Rita Helen Engen og Anja Halsør Døde: 23.02. Aud Elisabeth Gjendem Gjørven, f. 1956 18.04. Ragnar Skår, f. 1924 22.05. Arne Ljåstad, f. 1937	Vigde: 30.05. Karin Sæten og Bjørn Arve Solvik Døde: 12.03. Bergljot Strand, f. 1926 27.04. Gunnar Edvard Rake, f. 1931
Utvik	Olden	Randabygd
Døyppte: 16.02. Sofie Hage Kielland. Foreldre: Pål Gran Kielland og Kristin Hage 23.05. Tomine Walaker Blindheim. Foreldre: Henriette Walaker Blindheim og Rikard Blindheim 30.05. Benjamin Hauge Tisthamar. Foreldre: Marita Heggdal Hauge og Jon Jørgen Tisthamar Døde: 01.03. Geir Eikenes, f. 1968 06.03. Rakel Frøyset, f. 1933	Døyppte: 01.03. Aria Garlid Briksdal. Foreldre: Ruben Briksdal og Benedicte Garlid 31.05. Jacob Aa Bakkebø. Foreldre: Solveig Aa Myklebust og Nicolas Oppheim Bakkebø (døyppt i Ljosheim) Døde: 03.03. Asbjørn Indrebø, f. 1927 29.03. Alvhild Rustøen, f. 1927 21.05. Ola Fløtre, f. 1934	Døde: 16.04. Terje Aaland, f. 1946
Oppstryn	Hornindal	Nordsida
Vigde: 30.05. Hildegunn Lerkerød og Steffen Lorenzo Berstad Døde: 27.03. Kjell Fagerstrand, f. 1947	Døde: 19.03. Ola Are Ytrehorn, f. 1945 26.07. Olav N. Haugen, f. 1933 13.04. Sverre Torfinn Haugen, f. 1929 27.04. John Einar Brendefur, f. 1934 09.05 Kjell Inge Flåm, f. 1977	

Nokon å snakke med etter dødsfall?

Sorg og krise er store ord, men samstundes noko vi alle vil kome til å kjenne ein eller annan gong i livet. For dei fleste kan det vere godt å ha nokon å snakke med, anten vener eller andre. For somme er tida før gravferda vanskelegast, men for andre kjem sorgreaksjonane seinare, kanskje lang tid etter.

Som prestar er det ei del av tenesta vår å ha samtaler med dei som ønsker det, og vi kan være til hjelp også etter at gravferda er over.

Ta gjerne kontakt med presten din eller med kyrkje-kontoret om du kjenner det ville være godt å få nokon å snakke med. Det treng ikkje kjennast som så store ting. Vi har teieplikt, og det er utarbeida smittevern-plan for samtalar.

Hege Høibye, sokneprest

Barnearbeidet i Nedstryn kyrkjelyd

Nedstryn kyrkjelyd søker leiarar til Søndagsskule, ein time i månaden + planlegging.

Barnekor, ein time annankvar veke + planlegging.

Familiesamling ein gong i månaden, dette gjeld hjelp på kjøkenet.

Materiell og rettleiing fylgjer med.

Ta kontakt med soknerådsleiar Margaret Flo eller sokneprest Henny Koppen



Foto: Gunnhild Sindre

Speidarane i Stryn treng fleire vaksne på laget

Sidan 1983 har vi drive KFUK/KFUM- speidarar i Stryn. Dette har vore eit arbeid med stor oppslutning i bygdene våre. Enkelte år har vi vore opp mot 170 medlemmer og såleis ei av dei verkeleg store speidargruppene i landet.

I Stryn er speidaren eit tilbod for barn og unge frå 3.klasse og langt opp i ungdomsåra. KFUK/KFUM-speidarane har si verdiforankring i kyrkja si truedkjening og arbeider m.a. for solidaritet, inkludering, omsorg, vennskap, meistring og friluftaktivitetar. Speidaren er ein stad å vekse og utvikle seg og eit alternativ for dei som føretrekker aktivitetar utan konkurransepreg.

Foreldre har kome med positive tilbakemeldingar til speidaren på bakgrunn av at aktivitetane verkar samlande der borna og dei unge får meistringskjensle. I speidaren får vi utfordringar, men tryggleiken står heile tida i fokus. Turar og leiarar er verdifulle avbrot i kvardagen og verkar samanspleisande på dei som er med.



Takka vere trufaste leiarar gjennom mange år er gjennomsnittsalderen noko høg i leiargruppa. Difor utfordrar vi no nye folk,- anten de no er foreldre eller ikkje, til å melde seg til teneste. Vi treng både kvinner og menn, men særleg treng vi mannlege leiarar i gruppa. Alle får opplæring og deltek i eit triveleg leiarfellesskap.

Rekruttering av nye leiarar er ein føresetnad for at vi skal kunne drive vidare dette viktige arbeidet i Stryn.

Kunne du tenke deg å vere med på laget?

Ta kontakt med gruppeleiar Henny Koppen (tlf 91601630, epost: henny.koppen@eninvest.net)

Med helsing leiargruppa i Strynspeidarane





Vi les Bibelen saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopp-læringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibel-historiene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Sauen som vart attfunnen av Beate Nes

Viste du at Jesus i Bibelen ofte snakkar om oss menneske som sauer? Og at han sjølv omtalte seg som gjetar? Bibelen snakkar mykje om sauer, lam og gjetarar. Desse orda skal visst vere brukt over 600 gonger i Bibelen. I dag skal du få høyre ei forteljing om ein god gjetar, og sauene hans.

Det er Jesus som fortel denne fortellinga, eller likninga som vi ofte kallar det.

Overalt der Jesus var, samla det seg masse menneske. Mange av dei som kom for å vere saman med Jesus hadde gjort dumme ting, og ikkje alle likte at Jesus var saman med dei.

Jesus visste det, og det var difor han fortalte dei denne historia.

Ein mann hadde hundre sauer. Han passa godt på dei. Han talde dei ofte, så han viste at han hadde kontroll på dei. ...96, 97, 98, 99... Å nei, kor var nr 100? Han måtte telle ein gong til, ...96, 97, 98, 99. Det var ein som mangla! Der var Tulla og Lambi, men kor var vesle Krølle? Gjetaren begynte å ropte på han, og såg rundt heile leirplassen, men der var ikkje Krølle. Han måtte ut å leite.

Han let dei andre vere att ute i øydemarka og gjekk av stad for å leite? Han leita overalt. I buskar og kratt, bakom steinar, i sprekker, og heile tida ropa han; Krølle, kor er du?

«Bæææ». Der!, endeleg høyrde han ein sau som breka. Å, så glad han vart. Han sprang bort til Krølle og løfta han opp på skuldrene sin og gjekk heim. Han tralla og song, enda han var ganske sliten.

Straks han kom heim, kalla han saman vener og naboar og sa til dei: «No skal vi feire! Gled dykk med meg! Eg har funne att den sauen som var borte.»

Gjenfortelling av Lukas 15

Salme 23

*Herren er min hyrding,
eg manglar ikkje noko.
Han lèt meg liggja i grøne enger,
han fører meg til vatn der eg finn kvile.
Han gjev meg nytt liv.
Han leier meg på rettferds stigar
for sitt namn skuld.
Om eg så går i dødsskuggens dal,
er eg ikkje redd for noko vondt.
For du er med meg.
Din kjepp og din stav,
dei trøystar meg.
Du dukar bord for meg
framfor mine fiendar.
Du salvar mitt hovud med olje.
Mitt beger renn over.
Berre godleik og miskunn
skal følgja meg alle mine dagar,
og eg skal bu i Herrens hus
gjennom alle tider.*

Nokre moment til samtale og ei oppmoding til å gjere noko saman.

- Kvifor trur du Jesus kallar oss for sauer, og seg sjølv for den gode gjetar?
- Kva kjenneteiknar ein god gjetar?
- Kanskje kan de gå på tur å sjå på sauane som er ute på beite?





BARNAS SIDE

Fargelegg!

Teikning: Kari Sortland

David laga mange songar som står i Bibelen.



Finn 5 feil

David var ein gjetargut som Gud valde til konge over Israel. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?

Teikning: Kari Sortland



Finn namn på 10 edelsteinar!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 edelsteinar. Namna står bortover frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

I	S	K	R	Y	S	T	A	P
K	A	O	S	B	E	R	G	Y
O	F	P	Ø	R	U	B	I	N
D	I	A	M	A	N	T	U	T
R	R	L	U	R	E	R	I	E
O	K	S	M	A	R	A	G	D
M	J	A	T	T	O	P	A	S
P	A	G	A	T	M	U	R	L
E	D	I	A	M	R	A	V	I
T	E	P	P	E	R	L	E	P

Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.

Bestill
abonnement


på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



VITSAR

– Pappa,
kvifor gifta du deg
med mamma?
– Fordi mor di er ei
helt spesiell kvinne.
– Korleis då?
– Ho var den einaste
som ville ha
meg.

– Eg klarer
ikkje å sove når eg
har drukke kaffi!
– Så rart! Med meg er
det omvendt: Eg klarer
ikkje å drikke kaffi
når eg sov.



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: stryn.kyrkja.no og på Facebook: **Kyrkja i Indre Nordfjord**

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

21. juni: 3. s i treeiningstida

– Luk 14, 15-24

Loen, 11:00

Gudsteneste

Olden, 14:00 Sundshaugen,
Friluftsgudsteneste

28. juni: 4. s i treeiningstida

– Mark 10, 17-27

Nedstryn, 11:00

Gudsteneste

Utvik 11:00

Gudsteneste

Nordsida, 11:00

Gudsteneste

Oppstryn, 13:00

Erdalsætra, Friluftsgudsteneste

05. juli: 5. s i treeiningstida

– Matt 7, 15-20

Hornindal, 11:00

Gudsteneste.

Olden gamle kyrkje, 12:00

Sommarkonsert med Stevia

12. juli: Aposteldagen /

6. s i treeiningstida

– Luk 5, 1-11

Oppstryn, 11:00

Gudsteneste

Innvik, 16:00

Gudsteneste

19. juli: 7. s i treeiningstida

– Luk 15, 1-10

Stryn, 11:00 Per Bolstads plass,

Friluftsgudsteneste

Olden, 16:00

Gudsteneste

26. juli: 8. s i treeiningstida

– Matt 6, 19-24

Loen, 11:00

Gudsteneste

Nordsida ?

Friluftsgudsteneste

Utvik, 16:00

Gudsteneste

29. juli: Olavsdagen / Olsok

– Joh 12, 24-26

Olden gamle kyrkje, 18:00

Olsokgudsteneste

Oppstryn, 20:00

Olsokgudsteneste

02. aug.: 9. s i treeiningstida

– Matt 11, 28-30

Nedstryn, 11:00

Gudsteneste

Utvik, 14:00

Støylsmesse

09. aug.: 10. s i treeiningstida

– Luk 5, 27-32

Hornindal, 12:30

Gudsteneste, Anders Svor-museet

Innvik, 11:00

Gudsteneste

KAFFEKROKEN





Informasjon/ Fullistribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

*Et menneske er ingenting alene.
Vi bærer andres liv i våre hender.
Men vi er også båret av de andre.
Gjensidighet er livets store gåte.*


*Den hånd som rekkes ut i åpen tillit
kan også være den som bringer døden.
I denne dobbelthet må livet leves.
Det er et vilkår ingen kan fornekte.*

*Da sier Gud: «Min dyrebare skapning,
selv i din svakhet bærer du mitt bilde.
Jeg er hos deg. Jeg deler dine dager,
som barn og bror og menneske i tiden.»*

*Vi ser deg, Gud! Du er der i vår neste,
men og i ham som bryter dødens sirkel.
Du tenner håpets lys i verdens mørke.
Slik løser du gjensidighetens gåte.*

*«Mitt menneske, min elskede på jorden,
min nådes nærvær er hos dem som gråter.
Berør min kropp med hender som helbreder,
berør min sjel med dine tause bønner.*

*Mitt ansikts lys er skjult i jordens smerte,
berør det mildt i brødet og i vinen.
Berør min kropp i alle dem som lider,
så håp kan bli forløsende erfaring!»*



*Ein salmetekst
av Eyvind Skeie (2020).
Trykt med løyve frå forfattaren.*

Neste nummer får du i posten rundt 30.09. Redaktør vert: Knut Sigurd Gald.
Vi tek svært gjerne imot stoff på e-post til: knut.gald@eninvest.net innan 28.08.